

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Trond Johan Hilland
Radøyvegen 2470
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8050 - 20/20876

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
23.04.2020

Registrert feil og manglar i septiktank - gbnr. 428/29 Kvalheim nedre

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 428/29
Tiltakshavar: Trond Johan Hilland

Alver kommune har den 07.04.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 07.04.2020 vart registert lekkasje og lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, med adresse Radøyvegen 2470, 5937 Bøvågen. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 20.06.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre tilhøvet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Trond Johan Hilland

Radøyvegen 2470

5937

BØVÅGEN